

Suldal kommune
Kommunehuset
4230 Sand

Til merking
Helsing
Torodd Skår

Erfjord 20.02.14

Offentlig høyring av søknad om løyve til 9 småkraftverk i Suldal og Sauda kommuner-Tysseelva kraftverk.

I samband med høyringa vil eg som grunneigar få gjera merksam på mitt syn på utbygginga av Tysseelva og enkelte tilhøve som vedkjem garden Rød.

I året 1912 fekk Odd Roaldkvam og Jacob E. Vik kjøpa garden Rød sine fallrettar i Tysseelva i form av bruksnummera 3 og 4. Desse bruksnummera har "den vore gaarde tilliggende vand og strandrett i Tysseelven med tilhørende bekke og vande samt ret til at lede elvens vandføring ud af dens leie i tunnel, kanal eller anden ledning over eller forbi min eiendom samt andre foranstaltninge til kraftens udnyttelse. Envidere uindskrænket ret til al opdæmning og sænke vandene, grunn til fornødne damsteder, grunn til tunnel eller kanal eller andre ledninger, veianlæg, jernbane og kraftoverføringsanlæg, grustag og stenbrud samt andet nødvendigt til kraftens hensigtsmæssige utnyttelse"

Dette fekk Roaldkvam og Vik kjøpa for kr. 2000,- Dei to oppsitjarane på Rød skulle i tillegg få levert damkraft til kvernbruk eller årleg ha ei erstatning på 25 kroner kvar.

Desse fallrettane er no grunna konkursar og bankfusjonar i Den Danske Bank si eige. Det er soleis denne utanlandske banken og Småkraft som vil tena på ei utbygging av fallrettane. Småkraft har aldri no, eller under planlegging teke kontakt med oss som eiger Rød med tanke på kva form for utbygging som høver og gavner oss og gardsdrifta.

Det er heller aldri utgreid korleis ein no skal tolka den årlege erstatninga som er på 2 ganger 25 kroner eller damkraft til eit kvernbruk. Eg finn det sterkt klanderverdig at Småkraft har planlagt og vore på Rød utan nokon gang å varsle eller samrå seg med grunneigar. Det burde og alt no vera avklart kva grunneigar kan få i kompensasjon. Eg ville vere takksam om kommunen kunne seia seg samd med meg i at slike tilhøve burde vore avklara før utbygginga tek til.

Mitt primærstandpunkt til utbygginga er at eg er imot. Grunngjevinga er denne:

Det finnest ingen Kyoto-avtale som gjer at om "rein" kraft vert fasa inn så går tilsvarande mengd av "urein" kraft ut. Tvert om vert tilgangen på kraft stadig betre, noko som bidreg til at kraftprisen vert helde nede og eksploateringa av jordas ressursar får halda fram i aukande tempo.

Suldal kommune har bygd ut heilt urimeleg mykje av vasskrafta si på stutt tid.

Området rundt Ullsvatnet er ein viktig rovfuglbiotop. Både rovfugl og jakt og beitedyr vil verta sterkt uroa av utbygginga.

Tysseelva ligg i folk sitt nærområde/turområde. Området er utan inngrep og burde sjåast i lag med den freda Hålandselva og Nordstøldalselva så ein beheld eit større, tilnærma inngrepsfritt område.

Ullsvatnet er truleg det største uregulerte fjellvatnet Suldal har igjen. Det hadde vore fint om og elva og nedslagsfeltet fekk vera urørt

Om eiva skulle byggast ut hadde det vore ein fordel for lokalsamfunnet om Suldal E-verk hadde hatt hand om prosjektet og lokale grunneigarar hadde vore mellom dei som henta ut gevinst. I staden er det Den Danske Bank og firmaet Småkraft (som og har Statkraft som eigar) som profiterer.

Garden Rød mister det sjølvgerde elva har vore mot naboeigedommen. Garden får store sår etter ei annleggsdrift som stort sett berre går føre seg på Rød, utan at det er stilt nokre goder i utsikt i form av varige vegar, omgjerding av anleggsområde til beite/dyrking m.m. Det er heller ikkje avklart om den kompensasjonen som ligg i avtalen av 1912 skal få å noko å seia.

Sjøet av elva som har gjeve Tysse namnet sitt, vert borte og i verste fall erstatta av eit monotont nerveslitande lydbilete frå kraftverket.

Turen frå Ullsvatnet og ned til Rød er sjeldant vakker. Ein mann frå NGO (norsk geografisk oppmåling) kom ned den stien til Rød og meinte dette måtte vera mellom Noreg sine vakraste plasser. Det var ein vårdag med fuglesong; men likevell....

Sekundærstandpunktet må vera å gå inn for utbygginga avdi:

Suldal Kommune vil tena på anlegget og få auka leveringssikkerheit til verksemda på Berakvam.

Om elva skal byggjast ut så set eg pris på at Ullsatnet får liggja utan inngrep og at eventuell ål i dei nederste metrane av elva vert skåna. Men eg forstår ikkje den samfunnsmessige tanken bak ikkje å ta ut alle dei høgdemetrane av fallet ein kan, utan vesentleg å auka skaden. Motivasjonen bak ei slik utbygging kan ikkje vera motivert ut frå samfunnsnytte men truleg ut frå kva som er gunstig for firmaet Småkraft. Dei vil truleg ikkje ha eit kraftverk som vert for stort og fell i feil kategori ??

Som det går fram vil eg helst at elva ikkje vert utbygd. Om kommunen vel å gå inn for utbygginga, vil eg vera takksam for støtte som gjer at eg kan få avklart kva nytte eg kan få ut av den skaden som utbygginga påfører garden. Aller helst ville eg at dette skulle vera krevd avklart før kommunen tek stilling gjennom høyringa.

Beste helsing



Tormod Skeie

Grunneigar til g.nr.157., b.nr.1

Kopi til: NVE v/Auen Korbøl

Småkraft A/S

Naturvernforbundet i Rogaland

Kjellaug Hogsrød, Tysse